



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

MOTTATT

5 MAI 2014

Vår dato  
02.05.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/5648  
Dykkar referanse

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter

6968 FLEKKE

### Ber om opplysningar om innhald i tenestetilbod

Fylkesmannen i Hordaland er klageinstans for vedtak som Regional vurderingseining for rehabilitering gjer om tildeling/avslag på opphald ved rehabiliteringsinstitusjon. Vi kan prøve alle sider av saka, gjere om, oppheve eller stadfeste vedtak.

Ein del pasientar klagar på tildelinga av plass ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Det er ulike grunnar som blir oppgitt, til dømes:

- tidlegare erfaring med opphald ved institusjonar andre stader i landet,
- kva andre pasientar har fortalt om tilbodet ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter
- tilråding frå helsepersonell
- informasjon om tilbod til ulike pasientgrupper som er tilgjengeleg på nettsidene til rehabiliteringsinstitusjonane.

Rehabiliteringsinstitusjonane er førebels ikkje omfatta av ordninga med fritt sjukehusval. Dersom ein institusjon som har avtale med Helse Vest RHF kan gi eit forsvarleg tilbod, får pasienten oppfylt retten til helsehjelp.

I kvar klage skal vi gjere ei konkret vurdering og grunngje kvifor vi meiner tilbodet ved den enkelte rehabiliteringsinstitusjonen kan/ eventuelt ikkje er eigna til å vareta pasientens behov for forsvarleg helsehjelp i spesialisthelsetenesta.

Vi treng difor informasjon om kva tilbod rehabiliteringsinstitusjonane gir til dei ulike pasientgruppene. I somme tilfelle har vi kunne bruke, eventuelt også vist til informasjon på nettsidene til institusjonane. På dei nye nettsidene til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er det informasjon om pasientgrupper de tek imot og ved å gå inn på «helsepersonell» generell informasjon om det faglege tilbodet, men ikkje noko om innhaldet i tilbodet til kvar pasientgruppe.

Vi har no til behandling ei klage frå pasient med ME som har fått tilbod om plass ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter, men ønskjer å kome til Sørlandets rehabiliteringssenter. Klagar viser mellom anna til informasjon om behandlings-/rehabiliteringstilbod på nettsidene til Sørlandets rehabiliteringssenter. For å ta stilling til om tilbodet ved Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter vil dekkje pasientens behov treng vi informasjon om innhaldet i dykkar tilbod til denne pasientgruppa.

Klagene skal behandlast så snart som råd. Vi ber difor om å få tilsendt opplysningar om tilbodet som de gir innan 16. mai 2014.

Med helsing

Signe Marit Stephanides e.f.  
seksjonsleiar

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Helse Vest RHF	Postboks 303 Forus	4066	STAVANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER